

## Tabell 1-fk

### Rammetilskot til fylkeskommunane 2014

Fylkeskommunane sitt rammetilskot blir løyvd over kap. 572 post 60-64 på statsbudsjettet. Samla rammetilskot er vist i kolonne 4 - *Sum rammetilskot 2014*.

Innbyggjartilskotet med utgiftsutjamning er basert på talet på innbyggjarar per 1. juli 2013. Skatteutjamninga blir føretatt fortløpande gjennom budsjettåret etter kvart som skatteinntektene er kjende. I skatteutjamninga blir det nytta innbyggjartal per 1. januar 2014 og rammetilskotet til den enkelte fylkeskommune blir justert i høve til skatteutjamninga. Endeleg skatteutjamning er ikkje klar før i februar 2015, og er såleis ikkje med i berekninga av rammetilskotet i denne tabellen. Endeleg rammetilskot blir altså først klart i februar 2015.

### Kolonne 1 – Innbyggjartilskot (post 60)

Kolonne 1 viser innbyggjartilskotet medrekna utgiftsutjamning, tilskot med særskild fordeling og inntektsgarantiordninga. For meir detaljert dokumentasjon av innbyggjartilskotet, sjå tabell 2-fk.

### Kolonne 2 – Nord-Noreg-tilskot (post 62)

Nord-Noreg-tilskotet blir berekna som ein sats per innbyggjar til fylkeskommunane i Nord-Noreg. Tilskotet er basert på talet på innbyggjarar per 1. januar 2013. Satsane for 2014 er prisjusterte.

Fylkeskommune	Kroner per innbyggjar
Nordland	1 114
Troms	1 268
Finmark	1 732

### Kolonne 3 – Skjønnsstilskot (post 64)

Kolonne 3 viser skjønnsstilskot til fylkeskommunane for 2014.

### Kolonne 4 – Sum rammetilskot 2014

Sum av kolonnane 1 - 3.